



Kristiansund kommune
Postboks 178
6501 KRISTIANSUND N

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristin Eide, 71 25 84 33

Kristiansund kommune - Tilbakemelding på reviderte dokument R-317 Løkkemyra handelspark II

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Vi har mottatt e-post datert 27. september 2022 frå Kristiansund kommune med reviderte plandokument for reguleringsplan Løkkemyra handelspark II. Det vises til at konsulent har gjort endringar i konsekvensutgreiing, planomtale og planføresegner i etterkant av arbeidsmøte den 9. september 2022. Kommunen ønskjer ei tilbakemelding frå Statsforvaltaren på om reviderte dokument kan gje grunnlag for trekking av motsegn.

Det har vore fleire arbeidsmøte for å finne tiltak som kan redusere dei negative verknadane ei utbygging ved Løkkemyra vil ha på svært trua og trua fugl som held til ved Stabeldamman i dag. Siste arbeidsmøte mellom Statsforvaltar, kommune og konsulent var 9. september, og der var lokallaget til BirdLife representert for å finne eigna avbøtande tiltak.

Reviderte plandokument har tatt inn moment drøfta på arbeidsmøtet og vi har følgande tilbakemelding:

Omsynssone naturmiljø kring Gløsvågen

BirdLife sitt forslag til omsynssone (sjå kart nedanfor) er eit godt utgangspunkt for omsynssone naturmiljø kring Gløsvågen i arealdelen som er i prosess.

Ei omsynssone naturmiljø med retningsliner er eit nyttig verktøy for å regulere forholdet mellom fugle- og naturinteresser, friluftsliv og ev. andre interesser som gjer seg gjeldande innafør ei omsynssone.

Vårt innspel er at kommunen bør vurdere om de også skal ta deler av eksisterande tursti inn i omsynssona, og ha retningslinjer som hindrar tiltak for varig opphald (gapahuk, rasteplassar) langs denne delen av stien. Å unngå tilrettelegging for langvarig opphald på denne strekka av stien vil vere til beste for den svært trua storspoven og andre fuglar som held til i området.



BirdLife sitt forslag til omsynssone



Statsforvaltaren sitt innspel (svart)

Området er også viktig for friluftslivet, med stiar både inne i terrenget og nede ved sjøen. Ein særleg kvalitet med turområdet er nærheita til naturen og fuglelivet. Her er areal som er statleg sikra. Ei omsynssone *naturmiljø* vil ikkje endre allemannsretten og fri ferdsle i området, men kan legge føringar som gir positiv forutsigbarheit for både naturverdiane og friluftslivet.

Politisk forankring

I arbeidsmøtet 9. september 2022 presiserte vi at beste løysing er at arealdelen med omsynssone *naturmiljø* ved Gløsvågen blir vedtatt før reguleringsplan Løkkemyra handelspark II.

Vi påpeika også at for å eventuelt kunne trekke motsegna til reguleringsplanen før motsegna til arealdelen, så må kommunen «på eit vis» få politisk aksept for omsynssona ved Gløsvågen naturreservat. Vi ser at det kan vere vanskeleg å få ei juridisk binding i reguleringsplanføresegna som sikrar omsynssone kring Gløsvågen, men meiner likevel at løysinga med omsynssone i arealdelen må løftast til politisk nivå for å få aksept for ei slik løysing der. Vi kan ikkje sjå at kommunen har kome med forslag til korleis politisk forankre omsynssone kring Gløsvågen.

Kommunen har heller ikkje gjort greie for framdrift av arealdel kontra kor naudsynt det er å vedta reguleringsplanen raskt.

Vi spelar inn forslag om å sende omsynssone *naturmiljø* ved Gløsvågen på ei avgrensa høyring. Dette gir høve for politisk forankring av omsynssona i arealdelen, som igjen er eit ledd for å imøtekomme motsegna til reguleringsplanen Løkkemyra handelspark II. I den samanheng varslar Statsforvaltaren at vi vil vurdere å ha motsegn dersom ikkje omsynssone *naturmiljø* kring Gløsvågen blir tatt inn i arealdelen etter ev. høyring.

Gjeld KU pkt. 4.1 s. 11 - 13:

- Det har ikkje vore mekling, så ordet *mekling* må bytast ut med *arbeidsmøte* i pkt. 3.
- I tillegg er det avgjerande at forslag til avbøtande tiltak som BirdLife har foreslått blir omtala som deira forslag. Det er gode forslag, men fleire av forslaga er ikkje eigna som avbøtande tiltak i denne plansaka. Det er viktig at forslaga ikkje blir oppfatta som Statsforvaltaren sine. Forslag med hekkeplattformer og omsynssone kring Gløsvågen er valde tiltak og det er desse som må bli omtala særskilt.

Gjeld planomtale del 1 kap 6.8 side 49-50:

- Dersom det skal visast (klippast inn) konklusjon frå *Utredning av fugl og naturmangfold* så rår vi til at teksta frå pkt. 3.5, Konklusjon, blir nytta.
- Tiltaka med hekkeplattformer og omsynssone i arealdelen er ikkje *kompenserande tiltak* og bør ikkje bli omtala som det i plandokumenta. Kan nytte omgrepet *avbøtande tiltak*.
- Av planomtalen må det gå klart fram at det er lokallaget til BirdLife som har kome med ulike forslag til korleis legge til rette for storspove og hekkande fiskemåke. Det er dei valde avbøtande tiltaka som bør omtalast særskilt.

Planføresegn pkt. 10.16:

Forslag til føresegn lyder: *Før igangsettingstillatelse for tiltak innanfor reguleringsplanens avgrensning kan gis må det legges fram tiltaksplan for etablering av minimum 20 hekkestativer ved Vollvatnet/Nydammen og Gløsvågen. Tiltaksplanen skal være godkjent kommunen og vise tilstrekkelig antall og ca. lokalisering av hekkestativene. Tiltaksplanen skal inneholde/ referere til avtaler som både sikrer finansiering for etablering/drift og tillatelse fra berørte grunneiere og rettighetshavere.*

- Det må vere eit rekkefølgekrav at hekkestativa skal vere utplassert i områda før opparbeiding av byggeområde BKB2 startar.
- Det er vår vurdering at ordet *drift* ikkje gjer eit dekkande bilde av eit framtidig vedlikehald som følger med oppsetting av hekkestativ. Vi rår til at *etablering/drift* blir erstatta med *etablering og framtidig vedlikehald av hekkestativ*.
- For å gjere føresegna tydeleg bør det presiserast at det skal settast opp 20 stativ ved Vollvatnet/Nydamman og 20 stativ ved Gløsvågen.

Håper dette var ei konstruktiv tilbakemelding som bidrar til framdrift i saka. Vi ventar på kommunen sitt forslag til løysing og reviderte plandokument.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
ass. miljøverndirektør

Kristin Eide
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Møre og Romsdal fylkeskommune

Fylkeshuset

6404

Molde